

Eidsborg, 26.05.20

## Innspel museumsutgreiing

Viser til brev oversendt 18.mai der de bed om skriftleg innspel til museumsutgreiinga for fylket. Lagt med i brevet er avskrift av notat frå innspelsmøtet 5.mars, men utan noko nærare oppsummering eller samandrag de ynskjer innspel på. Vest-Telemark Museum ønskjer å spele inn nokre moment me meiner er vesentlege for det vidare arbeidet med utgreiinga. Kvalt punkt kan grunngevast meir, men det har ikkje den stutte høyringsfristen gjeve høve til. Derfor vil me meir enn gjerne få høve til å utdjupe innspela, i dialog med fylkeskommunen.

### Vest-Telemark som museumsområde

Vest-Telemark er ein relativt stor geografisk region, om lag halve Telemark i areal. Det er den minst urbane regionen i Vestfold og Telemark fylke, har 6 kommunar, vel 14 000 innbyggjarar, spreidd busetnad og ikkje noko definert sentrum.

Regionen er kulturgeografisk einskapleg, og skil seg sterkt frå kulturen nærare kysten, likevel med klåre indre ulikskapar. Til dømes er vest-telemålet felles for alle kommunane, men med eit vesentleg dialektskilje mellom bygdene langs Telemarksvassdraget og bygdene langs Nidarå-vassdraget. Det felles kulturområdet gjere seg også gjeldande innan byggeskikk, draktskikk, fleire greiner av folkekunsten med meir.

Historisk er dette ein region som har lege skjerma på grunn av plassering og topografi, der landbruket med særskilt beitelandet og husdyrproduksjon har vore levegrunnlag. Likevel finn ein periodar med sterke innslag av handel, og dermed av impulsar utanfrå. Produksjon av jern, brynestein, tømmer, kopar og elektrisk kraft har vore viktige næringar opp gjennom tida, og lagt føresetnadar for økonomisk, demografisk, teknologisk og kulturell utvikling.

Her er sterke, til dels vel dokumenterte kulturtradisjonar, særskilt innan materiell (handverk og folkekunst) og immateriell folkekultur. Fleire framstående representantar for musikk, litteratur og kunst, også av nasjonalt og internasjonalt format, har røter i denne folkekulturen.

Det kulturelle mangfaldet blir avspegla gjennom einingsstrukturen i VTM: bygdetuna og sentralsamlingane i Eidsborg (den materielle folkekulturen), Vinjestoga (husmannsplass og litteraturhistorie), Myllarheimen (folkemusikken), samlingane av biletkunst og skulptur (som ingen andre tilsvarande regionar kan syne maken til), Åmdals Verk gruver – ei einestående formidling av vår fyrste gruvehistorie. Regionen har også skapt grunnlaget for den moderne skisporten, gjennom skileiken, den handverksmessige utviklinga av ski og bindingar og av føregangsmenn som førde dette ut til verda.

### Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

[post@www.vtm.no](mailto:post@www.vtm.no) – [www.vtm.no](http://www.vtm.no)

Dei einingane som er med i VTM utgjer ein heilskap, og har ein sterk indre samanheng. Til saman femner dei om det viktigaste av regionen si historie.

### Status for Vest-Telemark Museum

Avtaleverket om konsolideringa og stiftinga av Vest-Telemark Museum kom på plass i 2002 i tråd med fylkeskommunal plan. Mandatet var å etablere ei fagleg museumsdrift for dei seks kommunane i Vest-Telemark. VTM kom i gang frå 2003, med ei trinnvis opptrapping av drifta og det faglege ansvaret for dei ulike musea fram til 2005.

Det har vore ei vel fungerande organisering med sterk lokal forankring og tett samarbeid med lokale eigarstyre, kommunane og sentrale aktørar i regionen som USN, Dyrsku'n og Statkraft i tillegg til historielag, husflidslag mm. Vest-Telemark Museum

- har etablert felles samlingsforvaltning, fellesmagasin og arkiv, felles FDV, felles formidlingsteneste for produksjon utstillingar, pedagogiske opplegg, samarbeid DKS, felles marknadsføring, booking og sal.
- er ei naturleg eining for å arbeide med kulturfagleg tema: samanheng og fellestrekk i historie, språk, draktskikk, byggeskikk, næringshistorie, naturgrunnlag osv.
- forvaltar viktig kunst og kulturarv av nasjonal og dels internasjonal verdi: særskild verdfull bygningsarv, folkekunst- og handverk, bilethoggarar på 1900-talet; skikultur, bergverkshistorie
- kan vise til gode resultat og god utvikling
  - nybygg Eidsborg med gode moderne fasilitetar 2011-12
  - kåra til Årets Museum 2012 av Norges Museumsforbund
  - gjennomført omfattande oppgradering NSE og skulpturbygg Grimdalstunet, i tillegg til større vølingsprosjekt antikvariske bygg
  - har stor prosjektaktivitet og gode samarbeid med andre aktørar
  - etablert bygningsvernutdanning i samarbeid med Fagskolen
- scorar best på formidling i museumsevalueringane for 2018; svakare på samlingsforvaltning og forskning

### Utfordringar

VTM forvaltar særskilt ein stor og verdfull bygningsarv, men våre ressursar til vedlikehald er ikkje i tråd med behovet. I ei årrekke har museet argumentert for ei styrking av ressursane, som prioritert tiltak inn mot statsbudsjettet:

- etterslep rekna i 2019 til 56 mill.; grunnlag for vedlikehaldsplan og vidare prioriteringar
- Budsjettsøknad 2021 årleg auke:
  - Departement 2 mill
  - VT fylke 1 mill
  - kommunane 1 mill
  - eigne omdisp. 1 mill
  - Sum styrking 5 mill

Vidare står det att å fullføre opptrappingsplanen for Telemarksarkivet, sjå eige innspelsdokument for dette:

- behov for to heile stillingar ved Vest-Telemark Museum
  - 0,7 årsverk i dag
  - Budsjettsøknad 2021 årleg auke:
    - Departement 500'
    - VT fylke 1 mill
    - kommunane 300'

### Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

[post@www.vtm.no](mailto:post@www.vtm.no) – [www.vtm.no](http://www.vtm.no)

- Sum styrking 1,8 mill

Det er behov for fasilitetar etter museumsfaglege standardar for kunstsamlingane våre. Nytt kunstmuseum på Rauland er prosjektert (forprosjekt) i samarbeid med Vinje kommune. Kulturdepartementet har blitt orientert om behov og planar undervegs, men det er ikkje sendt inn investeringsøknad enno.

Til sist vil ein trekke fram at VTM ikkje har så høg forskingsaktivitet som departementet ventar. Me har vedteke forskingsplan og har inngått samarbeidsavtale med bl.a. USN. Men kapasiteten vår er for liten til å drive eit systematisk forskingsarbeid åleine, og me har få med formell forskingskompetanse i organisasjonen.

### **Om stifting som organisasjonsform**

Erfaringa vår med stifting som organisasjonsform er god, og den har fungert vel for oss i vår region. VTM har ei fungerande ordning og har gjennom gjeldande organisering fått til gode resultat, hatt lite interne konflikter og klart både å lyfte det faglege nivået på museumsarbeidet samstundes som det frivillige er med. Våre stiftarar er likeverdige, og vel eit profesjonelt styre som skal sikre heilskapsinteressene.. Styret er øvste organ, medan representantskapet vedtek dei overordna strategiske planane.

I arbeidet vårt har me lagt til grunn eit tett samarbeid med og mellom einingane og dei lokale nærstyra, og arbeid for å utvikle ei fellesskapskjensle i heile organisasjonen. Dette er truleg lettare å oppnå gjennom ei stifting enn eit IKS, der eigarinteresser har større vekt. Stiftingsforma høver særskilt godt i Vest-Telemark, fordi VTM har drift i fleire kommunar og driv svært ulike anlegg.

Stifting var tilrådd organisasjonsform i 2002. Det vart peika på musea som sjølvstendige autonome einingar, dei ideelle føremåla som ligg til grunn, prinsippet om armlengdes avstand og rolla musea har for å sikre demokrati og yringsfridom.

Sjølv om stiftingar ut frå si sjølvstendige organisering ikkje kan styrast direkte som t.d. eit AS eller IKS gjennom eigarskap, har framleis stat, fylke og kommunar viktige styringsverktøy gjennom økonomiske ordningar og strategiske planverk.

Me meiner organisasjonsforma ikkje nødvendigvis er avgjerande for om ei konsolidering skal lukkast eller ikkje. For oss har det vore viktig å fokusere på det mandatet me skal fylle, og byggje tillit både hjå stiftarane og dei som løyver oss driftsmidlar, for at ressursane vert bruka til å utvikle musea best mogeleg.

### **Om rolla til fylket**

Me har klare forventningar til at fylket som premissleverandør syter for at driftstilskota våre er påreknlege og kjem som faste overføringar og med rett justering for løns- og prisvekst. Dette er grunnleggjande vilkår for ei god og framtidsretta drift.

Vidare vil me trekke fram fylket som:

- utviklingsaktør og samarbeidspartnar
  - utvikle strategiske og kulturfaglege planar i samarbeid med musea
    - musea kan vere tente med ei auka arbeidsdeling og fagleg spissing, særskilt om ein skal ha ambisjon om å ta ei nasjonal eller internasjonal rolle. For Vest-Telemark er bygningsvern eit slikt felt. Om me kan få opp eit tydeleg og leiande miljø på dette, kan me yte også ut over vår region. Ut frå dei

### **Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!**

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

[post@www.vtm.no](mailto:post@www.vtm.no) – [www.vtm.no](http://www.vtm.no)

særskilde kulturfaglege føresetnadane kan tilsvarende spissing også bli gjort i Aust-Telemark, Nedre Telemark og Vestfold.

- initiere og finansiere planfesta tiltak og utviklingsarbeid: kulturfagleg, reiseliv, kompetanseutvikling, næringsutvikling, internasjonalt samarbeid
- oppdragsgjevar/samarbeidspart i prosjekt og utviklingsarbeid
- gjerne bruke musea som partner; me kan vere ein viktig ressurs på grunn av nettverk, lokalkunnskap og kompetanse
- fylket har også ei viktig oppgåve med å vere pådrivar ovanfor stat og kommunar om større strategiske satsingar; anten det er investeringsprosjekt, utviklingsarbeid eller særskilde større felles satsingar.
- tilretteleggjar for samarbeid og etter kvart tydelegare arbeidsdeling mellom musea. Frå vår side kunne me ynskje meir samarbeid innan til dømes forskning, kunstformidling og marknadsføring. Dette kan gje større lyft, og gjere det mogeleg å samle prosjektmidlar for å frigjere personell.

Prinsippet om armlengdes avstand: fylkeskommunen skal leggje til rette for samfunnsrolla vår, men me skal skape den. Musea er frie kulturfaglege institusjonar og har ansvaret for utvikling av innhald og form

### Konklusjonar

- Vest-Telemark er etter vår erfaring ein naturleg kulturfagleg og stor nok museumsregion. Den er handterleg trass i avstandane og dei oppgåvene me skal fylle: historiene heng saman og gjev kontekst til kvarandre.
- Nærleik er ein føresetnad for kvaliteten på dei praktiske oppgåvene våre, som tilsyn, oppfølginga av samlingane, utstillingsproduksjon, arrangementsutvikling osv.
- Nærleik er også viktig for samarbeidet med lokalstyra, dei friviljuge og lokale samarbeidspartnarar. VTM har ein organisasjon som er godt tilpassa til området og oppgåvene, sjølv om ein manglar ressursar særskilt for å støtte behovet innan bygningsvern, privatarkivarbeidet og forskning.
- Musea og arkiva innafor ansvarsområdet til VTfk må ha høve til å velje ulik organisering, ut frå det som passar best. Det faglege samarbeidet treng likevel ikkje lide skade. Det er oppgåvene musea skal utføre som er det viktige, ikkje korleis musea framstår ovanfor fylkeskommunen.
- Sjølv om Vest-Telemark (og også Aust-Telemark, altså Øvre Telemark) er eit stort geografisk område, er det demografisk, politisk, økonomisk og administrativt perifert. Det er ein reell fare for at dei folkerike og urbane delane av fylket ikkje alltid ser interessene og behova i Øvre Telemark. VTM ønskjer ein plan frå VTfk som motverkar risikoen for auka avstand mellom sentrum og periferi.

Vestfold og Telemark fylkeskommune rommar mange viktige historier og særkjenne. Det er viktig at dei store kulturhistoriske variasjonane i det nye fylket ikkje forsvinn. Det store mangfaldet er ein viktig kvalitet i det nye fylket, og må odlast vidare – ikkje harmoniserast og bli gjort gjennomsnittleg. Slik kan me skape kulturfylket med stor K.

for Vest-Telemark Museum

Dag Rorgemoen  
direktor



### Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

[post@www.vtm.no](mailto:post@www.vtm.no) – [www.vtm.no](http://www.vtm.no)